



Er du blant dei som meiner at skvallerkål er ein pest og ein plage i hagen? Då bør du høyre på amatørgartnar Anders Totland frå Valen som meiner det er ein delikatesse. Han serverar til dømes skvallerkåltoast og meiner det er godt.. Det var i alle fall ein av rettane han gjekk god for då han ikveld heldt foredrag i KV-lokala om blomar og ugras i kjøkenhagen for eit 20-tals tilhøyrarar i regi av Hageselskapet Kvinnherad. Totland presiserar at han ikkje er nokon gartnar,men han har lært utruleg mykje på stutt tid



Slik ser løvetanssirup ut!

Det er berre halvtanna år sidan han tok til med sin hagerevolusjon på Valen og det han kallar ein matnyttig hage tok form. Han fekk ikkje mykje positiv respons då han spurte tilhøyrarane om dei var glade for å ha løvetann i hagen. Anders lager deilig løvetanssirup. Og den omtala skvallerkålen er favorittugraset hans! Ein annan rett som han går god for er ugrasrullar med kylling.. Og han er glad i spansk kjærvel og brennelse, for å ta med 2 ytterlegare døme. Og kva så med blomane? Jo, dei meiner han er svært gode ingrediensar.

Nokon kvar fekk noko å tenkje på i kveldens møte der føredragshaldaren hadde ein god dialog med dei som hørde på. Held han fram slik vert han hagebrukets Karsten Isaksen!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Og her er den utskjelte skvalderkålen..